

# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 6

2012

ÅRGANG 27



Foto: Svein Aasen



Foto: E. Gjengedal / A. Kvellestad

Jens Brekke takkar dei gode hjelparane  
etter ein vellukka Klubbefest

Fyldig referat frå Klubbefesten

God Jul

## Snart er det jul...

– og i år får dei fleste av oss lang juleferie. Og endeleg kom kulden og litt strøsnø, etter at hausten har vore uvanleg våt og grå.

### Klubbefesten

Grå var også klubben laurdag 3. november, men du verda kor god, “the best ever...”! Attpå det kulinariske høgdepunktet klubben, kjøtet og kålrota var, serverte Jens Brekke eit framifrå, eige kulturprogram som hausta mange lovord, med Vossastubar, Sande- og Aukrust-dikt, forteljingar og skrøner som berre han kan. Sjå reportasje. Noko færre folk enn siste åra, men eit festpublikum som også visste å setja pris på dansemusikken til Fanteladdane.

### Bygdelagshuset

Dei som har vore i Nordahl Bruns gate i haust, vil ha sett at mykje har skjett; fasaden er flott oppussa og måla “bonderaud”, portrommet er pussa opp, nye oppslagstavler på plass, dører er skifta og andre brannsikringstiltak er gjennomførde, toaletta er renoverte og gjort trivelege. Det har i det heile vorte gjort mykje godt opprustningsarbeid for gåva frå Olav Thon på 4 mill. til istranssetting av garden. Thon-gruppa skal no driva eigedommen i to til fem år. Leiar i BLS er vår eiga Anne-Lise Berggren, og Hilmar Nummedal er økonomi- og eigedomsansvarleg. Randi Solheim er leiar i folkedansnemnda, og laget vårt har eit par tillitsvalde til i BLS.

### Neste år

På neste side kunngjer me årsmøtet i laget mandag 25. februar, ringen har sitt tysdag 22. januar. Men me har meir på gang til vinteren og våren; eit teaterbesøk eller to, i samband med at Det Norske Teatret fyller 100 år. Kanskje ein Ivar Aasen-kveld, sidan han vart fødd før 200 år sidan, og sluttføring av arbeidet med Sunnfjordhytta, gjenopning og jubileumsfeiring der til sommaren eller tidleg haust. Fylg med på nettsidene våre.

Styret i Sogn og Fjordanlaget ynskjer alle medlemmer i laget og ringen ei lang og god julehelg og eit godt nytt år!

**Alv Reidar Dale**, lagsleiar

## Vel fortent takk

Velfortent takk til alle som tok eit tak – var med og gjorde årets klubbefest så triveleg og vellukka. Det er svært kjekt at festen har så god oppslutnad, og ikkje minst er det ei glede å få senda ei takk til alle dykk som på ulike måtar har vore involverte med ei hjelpende hand.

Mykje må gjerast lang tid føreåt, informasjon skal ut og påmeldingar takast imot. Korn skal skaffast og steinmalast på vassdriven kvern på Ulvedal, fraktast til Stryn og vidare til by'n. Fåre- og svinekjøt er det Nannestad v.g.s. som syter for og held tradisjonane ved like med klubbekjøt. Poteter, kålrot og mykje meir må bestillast og hentast føreåt, så alt er på plass.

Sjølve dagen, frå tidleg morgen er fleire gode hjelparar i sving. Stor takk til Dagfinn som i år var tilbake på kjøkenet og tok ansvaret for klubben. Salen var fint pynta med trolla til Sigrund Nesdal, som nok eit år var på bytur. Det er svært kjekt på ein klubbefestdag når alle velvillig stiller opp og hjelper til, slik at klubbefesten nok eit år kom vellukka i mål.

Utan dykk hadde ikkje tilskipinga kunna gjennomførast. Stor takk til kvar og ein av dykk!

*Anny og Alv Reidar*

**VIKTIG MELDING:** Frå årsskiftet vert lagsbladet Tre Fjordar sendt ut berre i digital form til alle laget har e-postadresser til, me bed folk senda inn e-postadressa si til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no), slik at de kan få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, vil framleis få papiravisa tilsend.

## Årsmøte 2013

Årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget vert **måndag 25. februar kl. 19.00** i Nordahl Bruns g. 22. Faste saker til handsaming er årsmelding og rekneskap for 2012, fastsetjing av medlemspengar, å vedta planar og budsjett for 2013, val av tillitsfolk og utsendingar til årsmøte i BLS. Dessutan planane for 100-årsjubileet til laget/laga.

Dersom nokon har andre saker som ein vil ha opp på årsmøtet, må desse meldast til styret i laget seinast fredag 25. januar 2013, anten ved å senda ein e-post til styreleiaren, i brev til

Sogn og Fjordanelaget i Oslo  
Nordahl Bruns gate 22  
0165 Oslo  
eller lagt i laget sin postkasse i Nordahl Bruns gate 22.

Innkalling med sakspapir vert send ut fjorten dagar før årsmøtet.

Styret i Sogn og Fjordanelaget i Oslo  
**Alv Reidar Dale**, leiar  
[a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no)

### Lagsavisa - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til den neste er **29/1**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkta kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no). Alternativt i brev til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for eventuelt å avtale andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilete; helst digitale, men tek også imot farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

Følg med på det som skjer i laget på <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og ringen på <http://sognogfjordaneringen.no>

# Klubbefesten – ein fest for fjordingar, sogningar og anna godt folk...

For dei som ikkje veit det – *Første laurdag i november* gjekk den årvisse klubbefesten av stabelen i Nordahl Brunsgate 22. Like fast som 17. mai og julafta er tid for klubbefesten; du kan berre merke av i kalenderen første laurdagen i november 2013. Det som er kjekt med tradisjonar er at alle veit kva dei har i vente. Festpynta langbord i Storsalen var som i fjar og åra før der. Sigrund Nesdal sine troll og kabbar tok oss vel i mot. Angen av klubb laga på steinmale byggmjøl frå Fjelli og grisen som enda sine dagar i grytene til kokelaget, lokka referenten ned kjellartroppa.



På kjøkenet måtte klubbekokarane stille på geledd og vise fram kvelden sitt absolutte høgdepunkt. Frå venstre Dagfinn Aa, Torkjell Sollid, Astrid Fridtun og Oddmund Solheim.

Foto: Elin Gjengedal og Agnar Kvellestad.

Opp i Storsalen var kefiren og sirup til klubben på plass på bordet. Det stod berre att å tenne lysa før festleiar Alv Reidar Dale kunne ønskje alle velkomne til bords. Klubben gjorde sitt inntog på stødige hender og slik det høver seg med musikk frå Fanteladdane.



Velfylte, dampande fat med klubb, kålrot og kjøt gjekk runden langs langborda.

Ingrid Trædal frå Sogn og Andor Gjelsvik frå Sunnfjord.  
Foto: Agnar Kvellestad

Det var ikkje berre utflytta vestlendingar som fann vegen til Nordahl Brunsgate. Elin og Steinar Andreassen tok vegen frå Askim for å ta del i dette tradisjonsrike måltidet. Mor til Elin, Laura f. Folven, flytte frå Stryn til Oslo på 30-talet og saman med Lita Flo og Dagny Heggen deltok dei på mang ein klubbefest. Begeistring for bondekost går gjerne i arv.

Foto: Elin Gjengedal

Klubben fekk det beste skussmål frå Elin og Steinar. Alv Reidar meinte måltidet nådde nye høgder i år, og det hadde han rett i. Bratte i ryggen og mette på klubb var det tid for song. *Nordfjordsongen* og *Klubbevisa* høyrer med.





Foto: Svein Aasen

Kva høver seg betre som underhaldning i eit slikt etegilde enn Jens Brekke frå Vik, ein humorist av det sjeldne slaget, som også kan vere alvorsam om det trengst. Programmet kalla han «Laust og fast og løje – og litevettao sant...»; mest av det første. Med forteljingar om likt og ulikt frå heimfylket, var det lett både å sjå og høyre – Brekke hadde funne sitt publikum.

Jens Brekke skriv i «Illustrert tyleskap» 12. aorgaong: Det er lett å skjøne kva Jakob Sande meinte då han skreiv diktet «Eg vil heim». Jakob sat på eit lærarrom inni Oslo og lengta ut til det fargeriket folket han kom frå.

*Eg er trøytt, eg er lei av landet,  
Eg er lei både folk og land.  
Eg vil bort frå det lærde standet,  
Heim til bønder av bondestand.*

Ja, det er nok av historier å ta av frå dei tre fjordar – og Jens Brekke kunne kunsten å fortelje.



Vi har to viktige diktatar på S i fylket vårt, Sande og Sivle, skal Jens Brekke ha sagt.

Jens Brekke har vore leiar av Sivle-laget sidan starten i 2002. Her er Brekke som ekspert å rekne. Saftig humor og klar karakteristikk særpregar forteljingane til Per Sivle. Stubbane vart framført med stor innleving.

Foto: Elin Gjengedal






Foto: Svein Aasen

Framføring av *Legende av Jakob Sande* kravde eit lite kostymeskifte. *Moses opplyfte sin lange stav og skilde det Daude hav*; her Moses utan stav.



Foto: Elin Gjengedal

Alv Reidar Dale og Anny Sollid retta stor takk til alle som gjorde klubbefesten til det den skal vere.



Foto: Elin Gjengedal

Oddmund Solheim, ein av dugnadsgjengen på kjøkenet, runda 60 år i desse dagar. Ei gavé i tillegg til blomster var på sin plass.

Av dei mange som fekk ros og takk for innsatsen var også ein yngre generasjon Kvellestad; Dorthe Malene (Veiteberg Kvellestad). Tidleg krökast om god krok skal bli – Laget treng definitivt påfyll av yngre krefter! Ei kvit rose som takk for hjelp med å dekke bord.



Foto: Svein Aasen

Men festen var ikkje slutt sjølv om alt som skulle seiast var sagt. No var det tid for å lea på dansefoten. Fanteladdane – med innslag av folk frå fylket spelte opp til feiande sving om.

Referent:  
Elin Lovise Folven Gjengedal

# Spontantur til Nordfjordhytta 28. oktober



Til gjengjeld kunne vi stille med bollar og kaffi, for ein liten kaffipause. Det er ei flott hytte med fin utsikt, så det blir gjerne fleire turar!

Ragnhild Gjelsvik

A

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

## STYRET

**Leiar:** Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) – 22 85 63 48 (a)  
[a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no)

**Kasserer:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) – 92 06 72 63  
[hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no)

## PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96  
[agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no)

## HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
[agnar.hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes@nilf.no)  
**Kontakt Sunnfjordhytta:**

Andor Gjelsvik 92 49 64 38  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no)

**Kontakt Nordfjordhytta:** 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58  
Dagfinn Aa, [daa@ssb.no](mailto:daa@ssb.no)

## SOGN OG FJORDANERINGEN

**Leiar:** Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) – 67147350 (a)  
[alb@geofrost.no](mailto:alb@geofrost.no)

